

**Individuell avtale om deltaking - vikariat, i
Veterinærvaktordninga**

mellanom

Veterinær org nr:

og

Ullensvang kommune for Indre Hardanger vaktdistrikt

1. Denne avtalen omfattar fylgjande dokument:

- a. Dette kontraktdokumentet.
- b. Standard kontraktvilkår.
- c. Leverandøren sin autorisasjon som veterinær.

Ved eventuell motstrid mellom dokumenta, gjeld dei i den rekkefylgja dei er sette opp.

2. Veterinæren tiltrer vaktordninga med verknad frå

.....

3. Kontaktinformasjon for veterinæren:

.....

4. Kommunen/vaktdistriktet sin kontaktperson for ordninga er: Lisa Karine Haugland, lisa.haugland@ullensvang.kommune.no, tlf: 91996175

5. Kontrakten gjeld frå

.....

Veterinæren

.....

For kommunen/vaktdistriktet

Standard kontraktvilkår

1. Veterinæren si yting

Veterinæren pliktar å vera tilgjengeleg for å yta veterinærtenester i tråd med krava i denne avtalen og lov av 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærar og anna dyrehelsepersonell (dyrehelsepersonelloven).

Veterinæren skal vere tilgjengeleg for å yta tenesta i samsvar med oppsett vaktplan.

Dersom veterinæren ikkje kan dekkja eiga vakt, pliktar veterinæren sjølv, å syte for at ein annan autorisert veterinær overtek vakta.

Veterinær som har ansvaret for vaktlistene, pliktar å syta for at det er sett opp vaktliste minimum ein månad før vakta skal utførast. Dei andre veterinærane skal innan ei veke etter tilsendt vaktplan melde ev. ynskjer om endring, eller godkjenne denne.

2. Veterinæren si plikt til å ha utstyr og bil tilgjengeleg

Veterinæren pliktar å ha naudsynt utstyr og eigna bil tilgjengeleg i heile avtaleperioden. Det er innkjøpt ein del utstyr som alle i ordninga kan nytta.

3. Krav til samarbeid mellom veterinærane

Veterinærane i vaktordninga pliktar å samarbeida, slik at det er sikra kontinuitet og at alle i vaktordninga kan utføre oppdraget sitt på ein fagleg god måte. Med samarbeid er det her meint mellom anna samarbeid knytt til byte av vakter, felles bruk av utstyr og informasjon mellom veterinærar der dette er veterinærfagleg viktig.

Gjentekne brot på samarbeidsplikta vert å rekna som vesentleg misleghald av kontrakten.

4. Deltaking i samarbeidsmøter

Veterinærane i vaktordninga pliktar å delta på samarbeidsmøter arrangert av kommunen. Det vert ikkje ytt ekstra betaling for møtedeltaking.

5. Utbetaling av vaktgodtgjersle

Vaktgodtgjersla vert utbetalt i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande fastsette satsar.

Deltakar i veterinærvakta skal sende inn vaktrapport seinast to veker etter utløp av kvar kalendermånad. Rapporten skal sendast inn på den måten vaktdistriktet til ei kvar tid fastset.

6. Kommunen / vaktdistriktet sine plikter

Kommunen/vaktdistriktet pliktar å utbetale godtgjersla seinast 14 dagar etter at vaktrapporten er innkomen.

7. Bruk av vikarar som ikkje er omfatta av vaktordninga

Ein veterinær kan søke om permisjon frå vaktordninga i inntil eitt år – samanhangande, i kontraktperioden. I denne perioden kan kommunen setje inn vikar som ikkje er omfatta av ordninga. Vikaren skal tilfredsstille kvalifikasjonskrava i vaktordninga.

8. Oppseiing av avtalen

Avtalen kan seiast opp av begge partar med 6 månadar oppseiingsfrist.

9. Heving av avtalen grunna misleghald

Ein part kan heve avtalen dersom den andre parten vesentleg mislegheld dei kontraktfesta pliktene sine.

Kommunen/vaktdistriktet kan heve avtalen dersom veterinæren går konkurs, eller er påviselig insolvent.

10. Tvistar og verneting

Tvistar mellom partane om kontraktilhøva bør søkjast løyst med minneleg ordning, på lågaste mogleg administrative nivå.

Dersom partane ikkje vert samde, skal tvisten løysast ved dei ordinære domstolane.